
Saknr: 2020/42867-3
Saksbehandlar Sissel Brusegård
Dato: 03.03.2020

Til: Yrkesopplæringsnemnda

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Kursing av faglege leiarar og instruktørar

Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse har bestemt at fram til 01.08.2020 held ein fram med å kursa faglege leiarar og instruktørar slik Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar gjorde før samanslåinga til Vestland fylkeskommune.

Fylkesdirektøren for opplæring arbeidar med å utvikla eit nytt kurs for Vestland fylkeskommune. Kurset vil mellom anna leggja større vekt vurderingspraksis enn det kursa i dei tidlegare fylkeskommunane gjorde.

Hordaland fylkeskommune har krav om at alle nye faglege leiarar skal ta kurs. Kursa er også obligatoriske for instruktørar, men dette har det vore vanskeleg å gjennomføre i praksis. Fylkeskommunen har utarbeidd kursa og står for gjennomføringa av alle kurs. Nokre tilsette i opplæringskontor og lærarar vert leigde inn som kurshaldarar. Om lag 900 har delteke på kursa årleg.

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerer kurs sjølv to gongar årleg. Kursa er frivillig å delta på, det er flest frittstående bedrifter som deltek på desse kursa. I tillegg arrangerer opplæringskontor kurs for sine medlemmar fleire gonger i året. Desse kursa er kvalitetssikra av fylkesdirektøren for opplæring. Om lag 350 har delteke på kursa årleg.